



Skal du søke vidaregåande opplæring?

Alt du treng å vite for å søke skoleplass i 2022-2023



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Foto: TINGH, Romsdal vgs

Innhold

[Side 2:](#) Før du søker

[Side 5:](#) Viktig å vite før du søker

[Side 7:](#) Informasjon om programområda for 2022-2023

[Side 8:](#) Spesielle tilbud i fylket

[Side 10:](#) Studieførebuande utdanningsprogram

[Side 12:](#) Utdanningsprogram for studiespesialisering

[Side 14:](#) Yrkesfaglege utdanningsprogram

[Side 20:](#) Skolar Nordmøre

[Side 21:](#) Skolar Romsdal

[Side 22:](#) Skolar Nordre Sunnmøre

[Side 23:](#) Skolar Søre Sunnmøre

[Baksida:](#) Inntakskalender

Før du søker

- Les korleis du fyller ut søknad på vigo.no med MinID ([s. 3](#)). Her står det også når du får svar på søknaden din, og korleis du skal svare på tilbodet du får.
- Les Viktig å vite ([s. 5](#)) før du søker, her står det opplysningar som kan vere viktig for det du søker.

Kva betyr ungdomsrett?

Har du fullført ungdomsskole eller tilsvarende opplæring, har du rett til tre års vidaregående opplæring. Ungdomsretten gjeld ut det skoleåret som begynner det året du fyller 24 år.

Fortrinnsrett

Du kan søke om fortrinn til eit utdanningsprogram på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne eller fordi du har vedtak om utdanningsprogram over to år. Ein rådgivar ved skolen skal hjelpe deg med dette.

Individuell vurdering

Har du hatt spesialundervisning, manglande vurdering eller er det andre tungtvegande grunnar, kan du søke om individuell vurdering til skoleplass.

Ein rådgivar ved skolen kan hjelpe deg med dette.

Utdanningsprogram og programområde

Eit utdanningsprogram vel du når du søker Vg1, og visar kva utdanning du ønsker å ta. Utdanningsprogrammet kan gi fleire moglegheiter på Vg2 og Vg3. Desse heiter programområde, og er ei spesialisert retning eller fordjupning innanfor utdanningsprogrammet.

Viktig å søke meir enn eitt utdanningsprogram og ein skole til Vg1

Opplæringslova seier at ein skal søke tre utdanningsprogram til Vg1, og det er svært viktig at du gjer det. Når du kjem ut frå ungdomsskolen har du rett til å få plass ved eitt av tre utdanningsprogram. Dersom du berre fører opp eitt utdanningsprogram og ein skole, kan du risikere at du blir vidaresøkt til eit skoletilbod som du kanskje ikkje ønsker å ta i mot. Ved å utnytte søknadsskjemaet best mogleg har du innverknad på eiga framtid.

Vidaresøking

Ungdomsretten er knytt til utdanningsprogram, ikkje skole. Det betyr at dersom du ikkje konkurrerer deg inn på ein skole du har søkt, vil du få tilbod på eit utdanningsprogram du har søkt eller er kvalifisert til, men på ein annan skole. Det er derfor viktig at du set opp fleire skoler på kvart utdanningsprogram.

Dersom du søker utdanningsprogram med ulike fordjupingar som til dømes Musikk, dans og drama, kan du søke alle tre fordjupingane (musikk, dans eller drama). Det same gjeld dei ulike variantane av studiespesialisering (internasjonal) Dette vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i tillegg søke to andre utdanningsprogram.

Får du problem med å sette opp ønska i ein spesiell rekkefølge på vigo.no, kan du sende ein e-post til inntak@mrfylke.no med referansennummeret ditt, utdanningsprogram og skole(r) i ønska rekkefølge innan søknadsfristen 1. mars. Når du får melding om at søknaden er registrert eller endra må du logge inn på vigo.no og sjekke søknaden din.

For å søke vidaregåande skole eller læreplass i bedrift, må du inn på vigo.no. Søker du om å få fortrinnsrett eller bli vurdert individuelt ved inntak, skal du også registrere søknaden på denne sida.

For å søke på vigo.no treng du MinID og PIN-kode.

- 10. klassingar får brev med PIN-kodar til MinID i posten ved årsskiftet.
- PIN-kodane til MinID er personlege, og rådgivar, andre ved skolen eller inntak har ikkje tilgang til kodane. Dersom du ikkje har PIN-kodane dine må du bestille det på eid.difi.no/nb/hvordan-bestille-pin-koder
- Les meir om MinID på vilbli.no.



Foto: Ragnhild Sivertsen, Romsdal vgs

Første gong du bruker MinID

- Gå til vigo.no
- Logg inn med MinID
- Du treng fødselsnummer (11 siffer)
- PIN-kodar frå kodebrev

Registrer deg som brukar med

- sjølvvalt passord
- mobilnummer
- avkryssing for kode på SMS
- e-postadresse

Neste gong du bruker MinID

- Gå til vigo.no
- Logg inn med MinID. Du treng:
- fødselsnummer
- sjølvvalt passord
- kode på SMS

Tips

Test at du får til å logge inn på vigo.no med MinID med fødselsnummer, sjølvvalt passord og kode på SMS i god tid før søknadsfristen.

Om du ikkje har norsk personnummer, må du ta kontakt med inntak på e-post: inntak@mrfylke.no for å få vite korleis du skal søke.

Det er viktig å fylle ut søknaden riktig

Sjekk mobilnummer, e-post og adresseopplysningar. Er skjemaet ufullstendig utfyllt, kan det føre til at du ikkje får viktig informasjon om søknaden din eller melding om inntak. Ta ei utskrift av kvitteringa du får når søknaden er sendt. Dersom du gjer endringar i søknaden din før søknadsfristen går ut, må du ta ut ny kvittering. Du kan sende kvitteringa til deg sjølv på e-post.

Har du endra adresse?

Dersom du har meldt adresseendring til folkeregistret etter 1. februar 2022, må du ta kontakt med inntak slik at vi får oppdatere adressa di.

Endringar i skoletilbodet

Det kan kome endringar i tilbodet etter søknadsfristen. Kva tilbod som blir sett i gang, er avhengig av kva elevane søker på. Du får SMS og e-post viss endringane gjeld det du har søkt. Da kan du få legge inn eit nytt ønske. Du vil finne oppdaterte tilbod på vilbli.no.

Har du fått nytt mobilnummer eller e-postadresse?

Får du nytt mobilnummer eller e-postadresse etter at søknadsfristen har gått ut, må du logge deg inn på vigo.no med MinID for å endre dette. All viktig informasjon om inntaket blir sendt på SMS. Meldinga blir sendt til det mobilnummeret som er registrert på vigo.no.

Om mobilnummeret ditt er feil, vil du ikke få melding om inntak. Frist for å endre i vigo er 15. juni. Hugs at du også må oppdatere mobilnummer og e-postadresse i MinID.

Når får du svar på søknaden din?

- Svar på søknaden kjem ca. 5. juli. Du vil få ein SMS om at første inntaket er klart.
- Logg inn på vigo.no med MinID for å finne ut kva tilbod du har fått.
- Svar på tilbod om plass og/eller venteliste plass.
- Får du ikke lagt inn svar, må du ta kontakt med inntak innan fristen 15. juli.

Du kan miste skoleplassen eller venteliste plassen din

Du mister skoleplassen din viss du ikke svarar på tilbodet om skoleplass eller venteliste plass innan svarfristen, eller dersom du ikke møter opp første skoledag utan godkjenning frå skolen. Dette gjeld også viss du gir feil eller ufullstendige opplysningar. Søker du eit programområde du ikke er kvalifisert for, og dette ikke blir oppdaga i søknadsbehandlingen, kan du ikke kreve å få beholde plassen dersom du ved en feil skulle få tilbod om plass.

Om du har fått tilbod på eit lågare ønske og vil behalde denne plassen, må du hugse å takke nei til venteplass på høgare ønske. Du mistar plassen frå 1. inntaket dersom du får tilbod på høgare ønske i 2. inntaket.

Svar på tilbod om plass/venteliste plass etter 2. gongs inntak

- Viss du får nytt tilbod, vil du få ny SMS ca. 4. august.
- Logg inn på vigo.no for å finne ut kva tilbod du har fått. Du vil få ny venteliste plass dersom det er endring.
- Du må svare innan 8. august.
- Har du ungdomsrett og står utan skoleplass etter 2. gongs inntak, får du SMS frå inntak før skolestart.
- Har du ikke ungdomsrett og står på venteliste etter 2. gongs inntak, vil skolen ta kontakt på telefon om det blir ledig plass rundt skolestart.

Når du har takka ja til skoleplassen

På skolestart.mrfylke.no gjer du nødvendige val i forbindelse med skolestart. Her bestiller du PC med tre års garanti og forsikring, og svarar på spørsmål knytt til den vidaregåande opplæringa du har valt.

Viktig å vite før du søker

Utdanningsprogram/ programområde med krav til helse-/politiattest

Nokre yrke stiller spesielle krav til deg som yrkesutøver, og som regel må du oppfylle dei same krava for å få læreplass. Det kan vere krav om politiattest, krav til syn, høyrsel og liknande. Derfor bør du lese om yrka du er interessert i og kva krav om eigenskapar dei stiller, før du bestemmer deg for kva du vil søke. Denne informasjonen finn du på vilbli.no. Der det er krav om politiattest skal den ikkje være eldre enn tre månader. Nedanfor finn du eksempel på nokre krav du kan møte i yrkeslivet.

Sjøfartsdirektoratet nasjonalt og internasjonalt utarbeider krav og regelverk for at alle om bord i eit fartøy skal vere trygge.

Luftfartstilsynet tar bakgrunnssjekk og innhentar uttømmende politiattest.

Helsedirektoratet skriv ut autorisasjon og lisens blant anna innanfor helsefag, ambulanse, apotek etter helsepersonelloven.

Mattilsynet er ansvarleg for kvalitetsforskrift innanfor mat og fiske.

Helse- og oppvekstfag

Fleire yrke innanfor helse- og oppvekstfag krev at du må ha politiattest. Den må du legge fram allereie på Vg1.

I ambulansefaget blir det stilt krav til god fysikk for å få læreplass. Når du skal søke læreplass må du gjennom ein fysisk test. Dersom du ikkje består testen, vil du ikkje få læreplass.

Elektro og datateknologi, Naturbruk og Teknologi- og industrifag

Ønsker du å ta utdanning innan sjøfart eller maritime fag, vil det mellom anna bli stilt særskilte krav til syn, fargesyn, hørsel, god psykisk helse, bruk av medisinar og at BMI er innafor krava.

Det kan også vere andre helsekrav for å inngå lærekontrakt (t.d. fri for astma).

Maritime fag

For å få lærekontrakt i skipsmotormekanikarfaget* (tidlegare motormannfaget) eller matrosfaget, må du ha norsk- eller EU-statsborgarskap. Arbeidstakarar/lærlingar på skip/offshore må også oppfylle spesifiserte helsekrav før påmønstring. Ta kontakt med autorisert sjømannslege om du er i tvil om du oppfyller dei nødvendige helsekrava. Sjømannslegen kan ikkje skrive ut godkjent helseattest til personar som har sjukdom som kan medføre en sikkerhetsrisiko for personen sjølv eller andre om bord på eit fartøy. For å kunne ta fagbrev som

matros eller skipsmotormekanikar*, og seinare kunne skaffe deg sertifikat som skipsoffiser, må du ha arbeidspraksis frå skip. *Frå 1.8.22 endrar motormannfaget navn til skipsmotormekanikarfaget.

Matfag med spesialisering innanfor fiskeindustrifag

For å bli tilsett i fiskeforedlingsbedrifter må du levere legeattest som bekreftar at du ikkje har sjukdommar som kan påverke produksjonen.

Søker du matfag med spesialisering innanfor fiskeindustrifag, må du levere tilsvarende legeattest, fordi du vil jobbe med matvareproduksjon og sal av fiskeprodukt også under utdanninga.

Flyfag, landslinje

Har du problem med fargesynet, kan du ikkje få arbeid som avionikar. Det er også krav til vandel: Lærlingar og andre tilsette i flyfaga må levere utvida vandelsattest for å få lærekontrakt/arbeid innan luftfart/flyplassen sitt område. Sjølv påtaleavkall (at du ved eit lovbrøt slepp med ei åtvaring, men kjem i strafferegisteret hos politiet) og bøter på eit lågt nivå, kan medføre at Luftfartsverket ikkje gir deg tillating til å arbeide innan luftfart.



Landslinjer/landsdekkande tilbod

Nokre tilbod blir kalla landslinjer eller landsdekkande tilbod. Desse har du rett til å søke uansett kvar i landet du bur, og søkarar frå heile landet stiller likt ved inntak. Du søker desse tilboda via vigo.no.

Sett opp ønske om landslinjer og landsdekkande tilbod saman med dei andre ønska dine i eige fylke på vigo.no. Enkelte fylke tar berre omsyn til søkarar som har landslinje/landsdekkande linje som 1. ønske. Har du sett det opp som eit lågare ønske, bør du derfor ta kontakt med det aktuelle fylket. Du finn oppdatert oversikt over tilboda på vilbli.no.

Skoleplass i anna fylke

Du kan søke skoleplass i eit anna fylke, men du vil som regel stille bak fylket sine egne søkarar. Ungdomsretten gjeld i heimfylket ditt. For å være sikker på å få skoleplass, må du registrere to søknader på vigo.no – ein til heimfylket ditt og ein til det andre fylket. Du finn meir informasjon på vilbli.no.

Søkarar må ta direkte kontakt med inntak i det fylket dei vil søke i, for å vite kva reglar dei har for gjesteelevar frå andre fylke.

Avtalar med andre fylke

Vi har samarbeidsavtale med Trøndelag fylkeskommune om skoletilbod for elevar frå kommunane Rindal, tidlegare Halså og Aure. Vi har samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om skoletilbod for elevar frå kommunane Vanylven og tidlegare Hornindal. Sjå vilbli.no for meir informasjon om avtalene.

Vi har også ein avtale med Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark om tilbod vi ikkje har i eige fylke. Søkarar skal bruke Møre og Romsdal sitt skjema på vigo.no.

Skal du søke private vidaregåande skolar i Møre og Romsdal?

Du treng bare sende inn ein søknad, viss du søker privat vidaregåande skole i tillegg til fylkeskommunale vidaregåande skolar. Sett opp ønska i prioritert rekkefølge på vigo.no.

Dersom du berre har sett opp ønske ved private skolar og ikkje får tilbod, kan du risikere å stå utan skoleplass til hausten.

Har du søkt på private skolar, vil du få melding om inntak direkte frå skolen. Dersom du har spørsmål om inntak til ein privat skole må du derfor ta direkte kontakt med skolen.

Elevar ved dei private skolane må betale skolepengar.

Sjå meir på skolane sine heimesider:

- vestborg.no
 - akademiet.no
- eller på
- privatskoler.vilbli.no

Stipend frå Lånekassen

Alle elevar kan få utstyrsstipend, nokre får bortebruarstipend, og andre får inntektsavhengig stipend. Er du over 18 år og bur borte, kan du også låne pengar av Lånekassen.

Du finn informasjon om kva typar stipend og lån du kan få på lanekassen.no.

Alle elevar kan få utstyrsstipend

Er du elev i vidaregåande skole og har ungdomsrett, kan du få utstyrsstipend frå Lånekassen. Du får stipendet uansett kor mykje foreldra dine tener eller kor stor formue dei har, men du må søke om det.

Bortebruarstipend for dei som må bu borte

Dersom du må bu borte medan du tek vidaregåande, kan du få bortebruarstipend.

Grunnstipend til elevar frå familiar med svak økonomi

Har familien din særleg svak økonomi, kan du få inntekstavhengig stipend.

Du kan også ha rett til

- lån til skolepengar
- reisestipend
- barnestipend og tilleggslån dersom du har barn
- lån dersom du er 18 år og ikkje bur saman med foreldra dine
- flyktningstipend dersom du er utanlandsk statsborgar som har fått vern i Noreg, og du tar vidaregåande opplæring her

Er du lærling?

Lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidat får ikkje utstyrsstipend, men kan ha rett til lån og andre typar stipend.

Slik søker du:

Søk om stipend via vigo.no når du takkar ja til skoleplassen, eller på lanekassen.no. Du bruker søknaden for vidaregåande opplæring. Du får svar på Dine sider på lanekassen.no.

Klagar du på standpunkt og eksamenskarakter, kan det ha konsekvensar for inntaket

Klagar du på standpunkt eller eksamenskarakterar, blir desse sjeldan ferdig behandla før etter at 1. gongs inntaket er gjort. Dette kan få konsekvensar for deg som søker skoleplass.

Viss du får medhald i klagen din og karakteren i eit fag blir sett opp, har du likevel ikkje krav på skoleplass om det ikkje finst ledig plass på det tilbodet du har søkt. Venteliste plassen din vil endre seg alt etter om karakteren din etter klagen blir sett opp eller ned. Du må ta kontakt med inntak straks du får resultatet av klagen.



Foto: TINGH, Gjermundnes vgs

Informasjon om programområda for 2022-2023

Kva passar for deg?

På vilbli.no har vi lagt ut presentasjon av dei ulike utdanningsprogramma, laga av våre eigne skoler. Her får du eit innblikk i kva utdanninga inneheld og kan vere til god hjelp når du skal søke.

Studiespesialisering Vg2 i Skottland

Haram vgs har samarbeid med ein skole i Skottland, og elevane bur hos skotske vertsfamiliar. Undervisninga er på engelsk, men er tilpassa norske læreplanar for Vg2 realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi. For å søke tilbodet må du ha fullført og bestått Vg1 studiespesialisering. Søkarar frå andre fylker kan og søke, men det føreset at dei sender søknad om å få vere prioritert gjesteelev til inntak i Møre og Romsdal fylkeskommune. Kontakt skolen for meir informasjon.

Yrkes- og studiekompetanse 4-årig løp – YSK

YSK-tilbodet er eit 4-årig utdanningsløp som i tillegg til fagbrev gir studiekompetanse. Det er veksling mellom opplæring i skole og bedrift alle fire åra. Det er krav om minimum karakter 4 i matematikk og naturfag i standpunkt frå grunnskolen for å vere kvalifisert til tilboda. Sjå heimesida til skolen for meir informasjon.

Skoleåret 2022-2023 kan du søke desse YSK-tilboda:

- Bygg- og anleggsteknikk-YSK ved Hustadvika vgs
- Elektro og datateknologi-YSK ved Haram vgs
- Teknologi- og industrifag-YSK ved Haram vgs og Hustadvika vgs

Naturbruk

Frå skoleåret 2022-2023 har også Stranda vgs (kombinert blå/grønn) og Tingvoll vgs (grønn) tilbod om Vg1 naturbruk. Frå skoleåret 2023-2024 er det planlagt å starte Vg2 Skogbruk ved Tingvoll vgs. Sjå skolens heimeside for meir informasjon.

Fagerlia-Ålesund videregående skole

Skoleåret 2021-2022 blei det ei administrativ samanslåing av Fagerlia vgs og Ålesund vgs. Frå og med skoleåret 2022-2023 får dei ett felles namn: Ålesund videregående skole. Sjå alesund.vgs.no for meir informasjon.



Foto: Sturla Grøtta Grav, Rauma vgs

Spesielle tilbud i fylket

Idrettsfag med bratt friluftsliv – Rauma vgs

Rauma vgs på Åndalsnes har starta ei heilt ny landslinje. Likar du å vere mykje ute, både til fots og på ski, kan utdanninga vere noko for deg. Klatring, både ute og inne er ein annan aktivitet. Du treng ingen forkunnskapar, sjølv om det er ein fordel at du likar å utforske fjellet både sommar og vinter.

Faga som er knytt til fordjupning i bratt friluftsliv skjer ute, både overnattingsturar og korte turar. Fellesfaga er på skolen i vanlege klasserom. Du får lære mykje om trygg og berekraftig ferdsl i kombinasjon med glede, motivasjon, utfordring og meistring. Inntil 50 prosent av plassane kan bli tildelt på grunnlag av dokumentert dyktigheit i tillegg til karakterpoeng. Søkarane må elles fylle dei generelle vilkåra for inntak. Søkarar

til utdanningsprogrammet som ønsker å bli vurdert ut frå kor dyktige dei er i idrettsfag, sender vedleggsskjema og dokumentasjon til skolen dei har som 1. ønske.*

Ungdom frå heile landet kan søke, og det er ganske enkelt å skaffe seg hybel på Åndalsnes. Du får generell studiekompetanse etter tre år, slik at du kan studere vidare på høgskular og universitet. Sjå Rauma vgs på Instagram og Facebook, eller ta kontakt med skolen for meir informasjon.

Idrettsfag

I dette programområdet kan inntil 50 prosent av plassane bli tildelt på grunnlag av dokumentasjon av dyktigheit, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar. Søkarane må elles fylle dei generelle vilkåra for inntak. Søkarar til utdanningsprogrammet som ønsker å bli vurdert ut frå kor

dyktige dei er i idrettsfag, sender vedleggsskjema og dokumentasjon til skolen dei har som 1. ønske.*

Idrettsfag ved Ålesund vgs er planlagt flytta til Spjelkavik vgs skoleåret 2023–2024. Om du startar Vg1 Idrettsfag skoleåret 2022–2023 ved Ålesund vgs kan du få ny lokasjon i løpet av opplæringstida.

Studiespesialisering med toppidrett

Ålesund vgs og Molde vgs har tilbod om studiespesialisering med toppidrett som til saman går over fire år. For at søknaden skal bli vurdert av kretsen, må dette vere ditt 1. ønske. Søkarar til Vg1 studiespesialisering med toppidrett skal sende vedleggsskjema direkte til skolen.*

*NB! Last opp vedleggsskjema i vigo.no eller send direkte til skolen du har som 1. ønske, innan søknadsfristen. Skjema ligg på vilbli.no

Elektrofag med robotikk og digitalisering – Sykkylven vgs

Robotikklinja er eit 3-årig tilbod som kombinerer elektrofag med realfag frå studiespesialisering.

Du får både praktisk fagopplæring og spesiell studiekompetanse (til vidare studie som krev matematikk R1 og R2, og fysikk 1FY). Robotikk og digitalisering er et fagfelt for framtida og får stadig fleire spennande bruksområde. Fleire universitet og høgskular tilbyr nye framtidsretta, teknologiske utdanningar. Til dømes har NTNU populære bachelor og masterprogram i mellom anna kybernetikk, robotikk, velferdsteknologi, energiteknikk, koding og IKT-linjer. Du vil vere svært ettertrakta for bedrifter som bruker tidsaktuell teknologi i si verdikjede. Sjå vilbli.no eller sykkylven.vgs.no for meir informasjon.

Elektro og datateknologi og Teknikk og industriell produksjon med studiekompetanse

Romsdal vgs har tilbod om teknikk og industriell produksjon med studiekompetanse, 3-årig og elektrofag med studiekompetanse, 3-årig. Utdanningsløpet gir spesiell studiekompetanse og retninga passar spesielt godt for deg som vil bli ingeniør/ sivilingeniør. Sjå romsdal.vgs.no for meir informasjon.

Studiespesialisering med forskarlinje

Ålesund vgs har tilbod om forskarlinje på utdanningsprogram for studiespesialisering. Det er etablert formelle samarbeid mellom skolen, Høgskolen i Ålesund og fleire lokale bedrifter. Skolen ønsker at utdanningsprogrammet skal motivere til læring i grunnleggande forskingsmetodar samt allsidig, brei og god fordjuping i programfaga. Studietilbodet har to retningar på Vg2 og Vg3 – realfag og språk, samfunnsfag og økonomi. Sjå alesund.vgs.no for meir informasjon.

Musikk, dans og drama

På dette programområdet kan inntil 50 prosent av plassane bli tildelt på grunnlag av dokumentert dyktigheit og opptaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar. Søkarane må elles fylle dei generelle vilkåra for inntak. Alle som har ført opp Vg1 Musikk, dans og drama på førsteønske, vil få tilbod om opptaksprøve. Meldinga vil gå ut frå skolen på sms.

Landslinje musikk, dans og drama med jazz

Molde vidaregåande skole tilbyr landslinje for musikk, dans og drama med fordjuping i jazz. Tilbodet er eit samarbeid mellom skolen, Molde kulturskole og jazzlinja på NTNU i Trondheim. Utdanninga går over tre år med 35 skoletimar i veka. Mykje av undervisninga vil vere saman med elevane på musikklinja, mens opplæringa i jazz vil skje i eigne grupper eller individuelt med hovudvekt på samspel, gehørbasert undervisning og improvisasjon i regi av fagmiljøa ved jazzlinja i Trondheim og Molde kulturskole. Du vil få generell studiekompetanse når du har fullført og bestått. Landslinja har eigne søknadsprosedyrar. Gå inn på nettsida til skolen molde.vgs.no under Studietilbud og les meir om tilbodet, eller ta kontakt med skolen.

Studiespesialisering med fokus på internasjonalisering

Dette utdanningsprogrammet følger læreplana for studieførebuande utdanningsprogram innanfor programområdet for realfag og språk, samfunnsfag og økonomi. Tilbodet finn du ved Ålesund vgs, Haram vgs og Spjelkavik vgs.

Sal, service og reiseliv med innovasjon og leiing – Romsdal vgs

Innovasjon og leiing gir deg generell studiekompetanse etter tre år, men også gode moglegheiter til å praktisere teorien du lærer undervegs. Første

skoleår får du bedriftserfaring ute i større næringsbedrifter. Andre skoleår får du moglegheit til å starte di eiga bedrift. Tredje skuleår kan du ta høgskulefag om du ønsker. Gjennom dei tre skoleåra blir du introdusert for faga innovasjon, entreprenørskap, marknadsføring, økonomi og administrasjon. I tillegg inviterer programmet til sjølvutvikling og sjølvstendig arbeid.

Skolar med særskilte tilbod Avdeling Fannefjord ved Romsdal vidaregåande skole

Besøksadresse: Julsundveien 49 B
6412 Molde
Telefon: 71 24 90 90
E-post: fannefjord.vgs@mrfylke.no
Nettstad: romsdal.vgs.no

Avdeling Fannefjord ved Romsdal vgs gir opplæring til ungdom med psykiske, sosiale og emosjonelle vanskar, og som på grunn av desse vanskaner har eit skjermingsbehov. Avdelinga har ikkje same lokasjon som resten av Romsdal vgs, men ligg i Julsundvegen. Elevar som er i ferd med å falle ut av den ordinære vidaregåande skolen på grunn av slike vanskar, kan i kortare eller lengre periodar vere elev ved Fannefjord. For nærmare informasjon om tilbod, sjå nettstaden og/eller ta kontakt med skolen. Ønsker du å søke, ta alltid kontakt med skolen først. På vigo.no finn du tilboda ved avdeling Fannefjord saman med resten av tilboda ved Romsdal vgs.

Tøndergård skole og ressurscenter

Besøksadresse: Nøisomhedsvei 10
6416 Molde
Telefon 71 19 56 60
Nettstad: tondergard.skole.no

Tøndergård skole og ressurscenter er ein interkommunal grunnskole. Eit tilbod om opplæring ved Tøndergård skole og ressurscenter er avhengig av at fylkeskommunen kjøper tenester i kommunen. Kontakt inntak dersom du har spørsmål.



Foto: TINGH, Kristiansund vgs

Studieførebuande utdanningsprogram

Dei studieførebuande utdanningsprogramma tar tre år og gir deg rett til å studere vidare på universitet og høgskolar.

Dei studieførebuande utdanningsprogramma er:

- Studiespesialisering
- Musikk, dans og drama
- Idrettsfag
- Medier og kommunikasjon
- Kunst, design og arkitektur

Utdanningsprogram for studiespesialisering, er eit av dei fem studieførebuande utdanningsprogramma. Du kan velge fordjuping innan realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi.

Idrettsfag

Idrettsfag

Skole Vg1 - IDRET1----

15001 Atlanten videregående skole
15019 Romsdal videregående skole
15021 Stranda vidaregåande skule
15026 Tingvoll vidaregåande skole
15027 Ulstein vidaregåande skule
15037 Ålesund vidaregåande skole

Privatskole

338 Vestborg vidaregåande skule

Idrettsfag

Skole Vg2 - IDIDR2----

15001 Atlanten videregående skole
15019 Romsdal videregående skole
15021 Stranda vidaregåande skule
15026 Tingvoll vidaregåande skole
15027 Ulstein vidaregåande skule
15037 Ålesund vidaregåande skole

Privatskole

338 Vestborg vidaregåande skule

Idrettsfag

Skole Vg3 - IDIDR3----

15001 Atlanten videregående skole
15019 Romsdal videregående skole
15021 Stranda vidaregåande skule
15026 Tingvoll vidaregåande skole
15027 Ulstein vidaregåande skule
15037 Ålesund vidaregåande skole

Privatskole

338 Vestborg vidaregåande skule

Idrettsfag med bratt friluftsliv, landslinje

Skole Vg1 - IDRET1L-BF

15018 Rauma videregående skole

Idrettsfag med bratt friluftsliv, landslinje

Skole Vg2 - IDIDR2L-BF

15018 Rauma videregående skole

Musikk, dans og drama

Musikk, dans og drama med dans

Skole Vg1 - MDMDD1--4-

15001 Atlanten videregående skole
15037 Ålesund videregående skole

Musikk, dans og drama med drama

Skole Vg1 - MDMDD1--6-

15037 Ålesund videregående skole

Musikk, dans og drama med musikk

Skole Vg1 - MDMDD1--1-

15001 Atlanten videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skule
15037 Ålesund videregående skole

Musikk, dans og drama med jazz

Skole Vg1 - MDMDD1L-J-

15014 Molde videregående skole

Musikk, dans og drama med jazz

Skole Vg2 - MDMUS2L-J-

15014 Molde videregående skole

Musikk, dans og drama med jazz

Skole Vg3 - MDMUS3L-J-

15014 Molde videregående skole

Dans

Skole Vg2 - MDDAN2----

15001 Atlanten videregående skole
15037 Ålesund videregående skole

Dans

Skole Vg3 - MDDAN3----

15001 Atlanten videregående skole
15037 Ålesund videregående skole

Drama

Skole Vg2 - MDDRA2----

15037 Ålesund videregående skole

Drama

Skole Vg3 - MDDRA3----

15037 Ålesund videregående skole

Musikk

Skole Vg2 - MDMUS2----

15001 Atlanten videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skule
15037 Ålesund videregående skole

Musikk

Skole Vg3 - MDMUS3----

15001 Atlanten videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skule
15037 Ålesund videregående skole

Medier og kommunikasjon

Medier og kommunikasjon

Skole Vg1 - MEMOK1----

15012 Kristiansund videregående skole
15029 Volda videregående skule

Privatskole

221 Akademiet videregående skole
Ålesund

Medier og kommunikasjon

Skole Vg2 - MEMOK2----

15012 Kristiansund videregående skole
15029 Volda videregående skule

Privatskole

221 Akademiet videregående skole
Ålesund

Medier og kommunikasjon

Skole Vg3 - MEMOK3----

15012 Kristiansund videregående skole
15029 Volda videregående skule

Privatskole

221 Akademiet videregående skole
Ålesund

Kunst, design og arkitektur

Kunst, design og arkitektur

Skole Vg1 - KDKDA1----

15012 Kristiansund videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skole
15037 Ålesund videregående skole

Kunst, design og arkitektur

Skole Vg2 - KDKDA2----

15012 Kristiansund videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skole
15037 Ålesund videregående skole

Kunst, design og arkitektur

Skole Vg3 - KDKDA3----

15012 Kristiansund videregående skole
15014 Molde videregående skole
15029 Volda videregående skole
15037 Ålesund videregående skole



Foto: Yngvild Birkeland, Volda vgs

Utdanningsprogram for studiespesialisering

Studiespesialisering

Skole Vg1 - STUSP1----

- 15001 Atlanten videregående skole
- 15007 Hustadvika videregående skole
- 15010 Haram videregående skule
- 15014 Molde videregående skole
- 15018 Rauma videregående skole
- 15020 Spjelkavik videregående skole
- 15021 Stranda videregående skule
- 15023 Sunndal videregående skole
- 15024 Surnadal videregående skole
- 15025 Sykkylven videregående skule
- 15026 Tingvoll videregående skole
- 15027 Ulstein videregående skule
- 15029 Volda videregående skule
- 15037 Ålesund videregående skole

Privatskolar

- 221 Akademiet videregående skole
Ålesund
- 338 Vestborg videregående skule

Realfag med teknologi og innovasjon

Skole Vg2 - STREA2--K-

- 15027 Ulstein videregående skule

Realfag med teknologi og innovasjon

Skole Vg3 - STREA3--K-

- 15027 Ulstein videregående skule

Språk, samfunnsfag og økonomi med teknologi og innovasjon

Skole Vg2 - STSSA2--K-

- 15027 Ulstein videregående skule

Språk, samfunnsfag og økonomi med teknologi og innovasjon

Skole Vg3 - STSSA3--K-

